

## **VEDTAK NR 207/16 I TVISTELØYSINGSNEMNDA**

**Tvisteløysingsnemnda heldt møte 1. desember 2016.**

Ved behandling av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

### **Faste medlemmer**

Anne Marie Due, leiar  
Silje Hassellund Solberg, LO  
Silje Stadheim Almestrand, NHO

### **Saka gjeld**

Tvist om rett til stilling for deltidstilsette tilsvarande faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 14-4 a.

### **Arbeidstakar**

A

### **Arbeidsgivar**

B kommune

## **Det vart treffe slikt vedtak:**

### **Saksframstilling**

A er fast tilsett som hjelpepleier i stilling på 75 prosent ved heimetenesta i B kommune.

A fekk munnleg tilbod om å auke si stilling midlertidig med 11,6 prosent i samband med eit turnusprosjekt. Ho takka ja, men det ble ikkje laga skriftlig avtale. A arbeida i auka stilling frå 24. mars 2014. Då turnusprosjektet vart vidareført fekk A skriftlig avtale for perioden 26. februar 2015 – 21. juni 2015, signert 9. mars 2015, og igjen ny avtale utstedt 27. mai 2015 som gjaldt fram til 6. september 2015. Deretter ble ikkje prosjektet forlenga og A gjekk tilbake til opphavleg stilling.

Den 13. februar 2015 sette A fram krav om auka stilling tilsvarande utført meirarbeid dei siste 12 månadene, jf. arbeidsmiljølova § 14-4 a.

Arbeidsgivar avslo kravet 5. juni 2015 i forhandlingsmøte, protokoll ble signert 13. august 2015. Arbeidsgivar grunngjev avslaget med at manglande skriftleg avtale ikkje gir rett til auka stillingsstorleik.

Full stilling som hjelpepleier utgjer 1846 timer per år. Trekt frå 5 ukar ferie utgjer dette 1668,5 timar per år. Dokumentasjon som er lagt fram for nemnda viser at arbeidstakar har arbeidet 266,75 meirarbeidstimar i perioden 13. februar 2014 til 12. februar 2015.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda av ved brev av 24. juni 2015.

Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev av 24. juni 2015
- e-post av 17. august 2015
- e-post av 1. september 2015
- brev av 25. oktober 2016
- e-post av 18. november 2016
- e-post av 25. november 2016
- to e-poster av 28. november 2016

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev av 24. august 2015

### **Utsegn frå arbeidstakar**

A gjer gjeldande at ho har rett til auka stillingsprosent og fører i det vesentlege fram at manglande skriftleg avtale gir rett til auka stillingsstorleik.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B kommune gjer gjeldande at A ikkje har rett til auka stillingsprosent. A har arbeidet i større stilling på grunn av eit prosjekt. Mangel på skriftleg avtale gjev ikkje rett til auka

stillingsstorleik eller rett til fast tilsetjing. Arbeidstakar har hatt munnleg avtale fram til skriftleg avtale. A har gått i stillinga og har dermed godtatt avtalen.

### **Tvisteløysingsnemndas merknader**

Twist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om rett til stilling for deltidstilsette tilsvarande faktisk arbeidstid kan bringes inn for tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (1) og § 14-4 a (2). Etter forskrift om tvisteløysningsnemnd etter arbeidsmiljøloven § 2 settast nemnda med leiar og to faste medlemmer.

Arbeidsmiljøloven § 14-4 a fastset at deltidstilsette som dei siste 12 månadar jamleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid, har rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid i denne perioden, med mindre arbeidsgivar kan dokumentere at behovet for meirarbeidet ikkje lenger liggje føre. Oppteningsperioden skal bereknas med utgangspunkt i det tidspunkt arbeidstakar fremma sitt krav.

A fremma sitt krav 13. februar 2015. Nemnda legg til grunn at siste dag i oppteningsperioden er dagen forut for at kravet blei fremma for arbeidsgivar. Den relevante perioden i denne saken er difor 13. februar 2014 til 12. februar 2015.

Partane i denne saka er usamde om meirarbeidet A har utført er «arbeid utover avtalt arbeidstid».

Avtalte vikariat eller midlertidige stillingar gjev ikkje rett til auka stilling. Nemnda viser til forarbeida, Prp. 83 L (2012-2013) kor det står:

*Bestemmelsen avgrenses mot situasjoner hvor det er avtalt en utvidelse av stillingen i form av en midlertidig ansettelseskontrakt. Et eksempel kan være en deltidsarbeidende i 50 % stilling som for en periode dessuten er ansatt i et vikariat i 50 % for en kollega som er i foreldrepermisjon. I et slikt tilfelle vil arbeidstaker (for en tid) ha avtalt arbeidstid tilsvarende full stilling; tilleggsstillingen kan således ikke anses som «arbeid utover avtalt arbeidstid.»*

Nemnda legg til grunn at det var inngått ein munnleg avtale om auka stilling frå 24. februar 2014. A takka ja til tilbodet og har arbeida etter avtalen og mottatt fastlønn. Nemnda finn dermed at A ikkje har krav på auka stilling ettersom timane ho har arbeida utover fast stilling ikkje er «meirarbeid» etter § 14-4 a.

Meirarbeid utover prosjektstillinga vil uansett ikkje kunne gi grunnlag for utvida stilling etter § 14-4 a, da meirarbeidet ikkje er utført jamleg.

### **Konklusjon**

Arbeidstakar gis ikkje medhald.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due  
leiar

Oslo, 13.12.2016

**Til orientering:**

Twist om førerrett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

”Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger”, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.